



Nissedal kommune

Møteprotokoll

Utval: Kommunestyret
Møtestad: Kommunestyresalen, Kommunehuset
Dato: 13.06.2019
Tidspunkt: 18:00 – 19:40

Følgjande faste medlemmer møte:

Navn	Funksjon	Representerer
Halvor Homme	Ordfører	AP
Geir Christian Enger	Varaordfører	KRF
Bjarne Reime	Medlem	KRF
Magne Haugsjå	Medlem	KRF
Anne-Nora Oma Dahle	Medlem	SP
Ian Parry-Jones	Medlem.	SP
Stein Skåli	Medlem	SP
Inge Magnus Evja	Medlem	SP
Knut Oddvar Nes	Medlem	SP
Jørgen Olav Nes	Medlem	FRP
Runa Vee Tveit	Medlem	AP
Kai Halvor Juva	Medlem	AP
Andrea Fjalestad	Medlem	AP
Hølje Haugsjå	Medlem	AP
Tore Solli	Medlem	AP

Følgjande medlemmer møte ikkje:

Navn	Funksjon	Representerer
Paul Willy Setane	MEDL	AP
Kristine Sandall	MEDL.	H

Følgjande varamedlemmer møte:

Navn	Møtte for	Representerer
Oskar Nordli	Paul Willy Setane	AP
Tore Skåli	Kristine Sandall	H

Følgjande frå administrasjonen møte:

Navn	Stilling
Sverre Sæter	Rådmann
Jan Arvid Setane	Kommunalsjef samfunn/utvikling
Jarle Bruun Olsen	Kommunalsjef økonomi

Frå saksnr.: 24/19
Til saksnr.: 39/19

Under godkjenning av sakliste blei det vedteke å trekke sak 33/19 og at sak 36/19 skulle handsamast etter sak 25/19. Sak 28/19 blei handsama før 27/19.

Halvor Homme
ordfører

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Lukka
	Saker til behandling	
PS 24/19	Årsmelding 2018	
PS 25/19	Godkjenning av årsrekneskap 2018	
PS 26/19	1. tertial 2019	
PS 27/19	Renovering/ny brannstasjon - handtering av avvik frå arbeidstilsynet	
PS 28/19	Ombygging/utbygging Tveit skule - Paviljongen - Mandat prosjektering- og byggjenemnda	
PS 29/19	Bygging av omsorgsbustader - mandat prosjekterings. og byggenemnda	
PS 30/19	Bemanning innan VA-avdelinga	
PS 31/19	Damkollen bustadfelt utbygging og tomteprisar	
PS 32/19	N - Rullering av kommuneplanen - fastsetjing av planprogram	
PS 33/19	"Kraftkompetanse - Kommunalt oppgåvefelleskap (KO)" - Godkjenning av samarbeidsavtale	
PS 34/19	Samarbeid om felles NAV-kontor for kommunane Fyresdal, Kviteseid, Nissedal, Seljord, Tokke og Vinje - § 20-2 i kommunelova - Vertskommuneavtale	
PS 35/19	Vertskommunesamarbeid om psykologtenester i kommunane Fyresdal, Kviteseid, Nissedal, Seljord og Tokke	
PS 36/19	Etablering av Vestfold og Telemark revisjon iks	
PS 37/19	Kommunalt tilskot til prosjektet "Nyskapande vekst i Nissedal"	
PS 38/19	Forskrift om folkevalde sin rett til godtgjersle og permisjon	
PS 39/19	Referat- og drøftingssaker	

Saker til behandling

PS 24/19 Årsmelding 2018

Rådmannen si tilråding:

Nissedal kommunestyre tek årsmelding for 2018 til vitande slik den ligg føre

Saksprotokoll i Formannskapet - 23.05.2019

Votering: samrøystes for rådmannen si tilråding.

Formannskapet si Innstilling til kommunestyret

Nissedal kommunestyre tek årsmelding for 2018 til vitande slik den ligg føre

Saksprotokoll i Kommunestyret - 13.06.2019

Votering: samrøystes som tilråding.

Vedtak

Nissedal kommunestyre tek årsmelding for 2018 til vitande slik den ligg føre

PS 25/19 Godkjenning av årsrekneskap 2018

Rådmannen si tilråding:

1. Nissedal kommunestyre godkjenner årsrekneskapet for 2018, med eit netto driftsunderskot på kr 1.114.000 og eit mindreforbruk på kr 4.491.000 i driftsrekneskapet, og eit udekket beløp på kr 2.420.000 i investeringsrekneskapet.
2. Mindreforbruket på kr 4.491.000 avsetjast til disposisjonsfond 25650805-Felles buffer.

Saksprotokoll i Formannskapet - 23.05.2019

Votering: samrøystes for rådmannen si tilråding.

Formannskapet si innstilling til kommunestyret

1. Nissedal kommunestyre godkjenner årsrekneskapet for 2018, med eit netto driftsunderskot på kr 1.114.000 og eit mindreforbruk på kr 4.491.000 i driftsrekneskapet, og eit udekket beløp på kr 2.420.000 i investeringsrekneskapet.
2. Mindreforbruket på kr 4.491.000 avsetjast til disposisjonsfond 25650805-Felles buffer.

Saksprotokoll i Kommunestyret - 13.06.2019

Votering: samrøystes som tilråding.

Vedtak

1. Nissedal kommunestyre godkjenner årsrekneskapet for 2018, med eit netto driftsunderskot på kr 1.114.000 og eit mindreforbruk på kr 4.491.000 i driftsrekneskapet, og eit udekket beløp på kr 2.420.000 i investeringsrekneskapet.
2. Mindreforbruket på kr 4.491.000 avsetjast til disposisjonsfond 25650805-Felles buffer.

PS 26/19 1. tertial 2019

Rådmannen si tilråding:

Nissedal kommunestyre vedtek følgjande:

1. Rapport for 1. tertial 2019 vert teke til vitande.
2. Driftsbudsjett 2019 vert endra jf. budsjettskjema 1A og 1B i rapporten.
3. Investeringsbudsjett 2019 vert endra jf. budsjettskjema 2A og 2B i rapporten.
4. Disponering av ulike næringsfondsmedel vert gjort slik det er omtalt i avsnitt "4.3.2 Næring" i handlingsdelen av tertialrapporten.

Saksprotokoll i Formannskapet - 23.05.2019

Rådmannen gjorde greie for endringar i talmateriale etter framlegging av tertialrapport. Avsett sum til pensjonsutgifter under felles, for heile kommunen reduserast med kr 250.000
Anslag på rammetilskot kan aukast med kr 400.000
Bruk av fond (felles buffer) reduserast med kr 650.000

Votering:

Tilråding, korrigert for framlagte tilleggsopplysningar, samrøystes vedteke.

Formannskapet si innstilling til kommunestyret

Nissedal kommunestyre vedtek følgjande:

1. Rapport for 1. tertial 2019 vert teke til vitande.
2. Driftsbudsjett 2019 vert endra jf. budsjettskjema 1A og 1B i rapporten, med endring slik:
 - 1A: Ramme til felles vert redusert med kr 140.000, i staden for styrking med kr 90.000
 - 1B: Budsjett for rammetilskot vert redusert med kr 409.000 (i staden for kr 809.000, til kr 65.550.000
 - 1B: Bruk av ubundne avsetningar vert auka med kr 2.309.000 (i staden for kr 2.959.000) til kr 4.044
3. Investeringsbudsjett 2019 vert endra jf. budsjettskjema 2A og 2B i rapporten.
4. Disponering av ulike næringsfondsmedel vert gjort slik det er omtalt i avsnitt "4.3.2 Næring" i handlingsdelen av tertialrapporten.

Saksprotokoll i Arbeidsmiljøutvalet - 05.06.2019

Omforeina tilleggsframlegg:

AMU viser til vernerapporten og tiltaket om å sikre handvask til jordmora sitt kontor, og oppmodar kommunestyret til å løyve kr. 25 000 ekskl. moms til dette tiltaket.

Votering: samrøystes for rådmannen si tilråding med tilleggsframlegget.

Uttale frå AMU:

Nissedal kommunestyre vedtek fylgjande:

1. Rapport for 1. tertial 2019 vert teke til vitande.
2. Driftsbudsjett 2019 vert endra jf. budsjettskjema 1A og 1B i rapporten.
3. Investeringsbudsjett 2019 vert endra jf. budsjettskjema 2A og 2B i rapporten.
4. Disponering av ulike næringsfondsmedel vert gjort slik det er omtalt i avsnitt "4.3.2 Næring" i handlingsdelen av tertialrapporten.

AMU viser til vernerapporten og tiltaket om å sikre handvask til jordmora sitt kontor, og oppmodar kommunestyret til å løyve kr. 25 000 ekskl. moms til dette tiltaket.

Saksprotokoll i Kommunestyret - 13.06.2019

Ordførar gjorde greie for tilleggsforslag frå formannskapet (jf. møte i formannskapet 13.06.19) om løyving til Nissedal jeger og fisk på kr 19.000 i samband med etablering av leirduebane Bjørnåsmyrane skytebane (auke av ramme til kultur).

I tillegg blei innspel frå AMU i høve å få handvask på jordmorkontoret tilrådd av ordførar å ta omsyn til (kr 25.000 i auka ramme for teknisk).

Votering: formannskapet si tilråding, med tilleggsforslag frå formannskapet og tilleggsforslag frå ordførar samrøystes vedteke.

Vedtak

Nissedal kommunestyre vedtek fylgjande:

1. Rapport for 1. tertial 2019 vert teke til vitande.
2. Driftsbudsjett 2019 vert endra jf. budsjettskjema 1A og 1B i rapporten, med endring slik:
 - 1B: Ramme til felles vert redusert med kr 140.000, i staden for styrking med kr 90.000
 - 1B: Ramme til kultur vert auka med kr 506.000, i staden kr 487.000
 - 1B: Ramme til teknisk vert auka med kr 1.090.000, i staden for kr 1.065.000
 - 1A: Budsjett for rammetilskot vert redusert med kr 409.000 (i staden for kr 809.000, til kr 65.550.000
 - 1A: Bruk av ubundne avsetningar vert auka med kr 2.353.000 (i staden for kr 2.959.000) til kr 4.088.000
3. Investeringsbudsjett 2019 vert endra jf. budsjettskjema 2A og 2B i rapporten.

4. Disponering av ulike næringsfondsmedel vert gjort slik det er omtalt i avsnitt "4.3.2 Næring" i handlingsdelen av tertialrapporten.

PS 27/19 Renovering/ny brannstasjon - handtering av avvik frå arbeidstilsynet

Rådmannen si tilråding:

Nissedal kommunestyre gjev prosjekterings- og byggenemnda i mandat å greie ut framtidig løysing av kombinert bygg for brannstasjon og teknisk uteavdeling.
Nemnda legg fram si tilråding for kommunestyret seinast i 2.møte etter ferien.

Det vert løyva kr 100.000 eks.mva til ekstern bistand.

Budsjettskjema 2A endrast slik:	Investeringar i anleggsmiddel	+	125.000
	Bruk av lånemidlar	-	100.000
	Kompensasjon for meirverdiavgift	-	25.000
Budsjettskjema 2B endrast slik:			
Nytt prosjekt:	Forprosjekt – renovering/ny brannstasjon	+	125.000

Saksprotokoll i Formannskapet - 13.06.2019

Votering: samrøystes for rådmannen si tilråding.

Innstilling til kommunestyret

Nissedal kommunestyre gjev prosjekterings- og byggenemnda i mandat å greie ut framtidig løysing av kombinert bygg for brannstasjon og teknisk uteavdeling.
Nemnda legg fram si tilråding for kommunestyret seinast i 2.møte etter ferien.

Det vert løyva kr 100.000 eks.mva til ekstern bistand.

Budsjettskjema 2A endrast slik:	Investeringar i anleggsmiddel	+	125.000
	Bruk av lånemidlar	-	100.000
	Kompensasjon for meirverdiavgift	-	25.000
Budsjettskjema 2B endrast slik:			
Nytt prosjekt:	Forprosjekt – renovering/ny brannstasjon	+	125.000

Saksprotokoll i Kommunestyret - 13.06.2019

Votering: samrøystes som tilråding.

Vedtak

Nissedal kommunestyre gjev prosjekterings- og byggenemnda i mandat å greie ut framtidig løysing av kombinert bygg for brannstasjon og teknisk uteavdeling.
Nemnda legg fram si tilråding for kommunestyret seinast i 2.møte etter ferien.

Det vert løyva kr 100.000 eks.mva til ekstern bistand.

Budsjettskjema 2A endrast slik:	Investeringar i anleggsmiddel	+	125.000
	Bruk av lånemidlar	-	100.000

Budsjettskjema 2B endrast slik:	Kompensasjon for meirverdiavgift	-	25.000
Nytt prosjekt:	Forprosjekt – renovering/ny brannstasjon	+	125.000

PS 28/19 Ombygging/utbygging Tveit skule - Paviljongen - Mandat prosjektering- og byggjenemnda

Rådmannen si tilråding:

Nissedal kommunestyre gir prosjekterings- og byggjenemnda i oppdrag å definere behovet for oppgradering av storskulen på Tveit skule. Oppdraget legg til grunn at dagens lokalisering av storskulen blir vidareført. Det vert opna for at delar av eksisterande bygningsmasse kan rivast og nytt setjast opp, dersom dette synas å vere den mest tenlege løysinga. I tillegg kan og eksisterande lokale til bibliotek vere ein del av løysinga for oppgraderinga av storskulen. Om mogleg blir framlegg til løysing lagt fram i samband med budsjett 2020 eller seinast 1. halvår 2020.

Det vert løyva kr 100.000 til konsulentbistand til prosjektering av oppgradering av storskulen ved Tveit skule.

Saksprotokoll i Formannskapet - 23.05.2019

Votering: samrøystes for rådmannen si tilråding

Formannskapet si innstilling til kommunestyret

Nissedal kommunestyre gir prosjekterings- og byggjenemnda i oppdrag å definere behovet for oppgradering av storskulen på Tveit skule. Oppdraget legg til grunn at dagens lokalisering av storskulen blir vidareført. Det vert opna for at delar av eksisterande bygningsmasse kan rivast og nytt setjast opp, dersom dette synas å vere den mest tenlege løysinga. I tillegg kan og eksisterande lokale til bibliotek vere ein del av løysinga for oppgraderinga av storskulen. Om mogleg blir framlegg til løysing lagt fram i samband med budsjett 2020 eller seinast 1. halvår 2020.

Det vert løyva kr 100.000 til konsulentbistand til prosjektering av oppgradering av storskulen ved Tveit skule.

Saksprotokoll i Kommunestyret - 13.06.2019

Votering: samrøystes som tilråding.

Vedtak

Nissedal kommunestyre gir prosjekterings- og byggjenemnda i oppdrag å definere behovet for oppgradering av storskulen på Tveit skule. Oppdraget legg til grunn at dagens lokalisering av storskulen blir vidareført. Det vert opna for at delar av eksisterande bygningsmasse kan rivast og nytt setjast opp, dersom dette synas å vere den mest tenlege løysinga. I tillegg kan og

eksisterande lokale til bibliotek vere ein del av løysinga for oppgraderinga av storskulen. Om mogleg blir framlegg til løysing lagt fram i samband med budsjett 2020 eller seinast 1. halvår 2020.

Det vert løyva kr 100.000 til konsulentbistand til prosjektering av oppgradering av storskulen ved Tveit skule.

PS 29/19 Bygging av omsorgsbustader - mandat prosjekterings. og byggenemnda

Rådmannen si tilråding:

Nissedal kommunestyre gjev prosjektering- og byggenemnda ansvaret for prosjektering av 4 omsorgsbustader. Sak om økonomisk ramme for prosjektet og lokalisering bustadene vert lagt fram for kommunestyret i samband med budsjett 2020 eller seinast 1. halvår 2020.

Det vert løyva kr 100.000 til konsulentbistand/arkitekt til prosjektet.

Saksprotokoll i Formannskapet - 23.05.2019

Omforeina endringsframlegg: stryke talet fire for ikkje å låse moglegheiten til å prosjektere fleire bustader, jf. behov.

Votering: samrøystes for rådmannen si tilråding med omforeina endringsframlegg.

Formannskapet si innstilling til kommunestyret

Nissedal kommunestyre gjev prosjekterings- og byggenemnda ansvaret for prosjektering av omsorgsbustader. Sak om økonomisk ramme for prosjektet og lokalisering bustadene vert lagt fram for kommunestyret i samband med budsjett 2020 eller seinast 1. halvår 2020.

Det vert løyva kr 100.000 til konsulentbistand/arkitekt til prosjektet.

Saksprotokoll i Kommunestyret - 13.06.2019

Votering: samrøystes som tilråding.

Vedtak

Nissedal kommunestyre gjev prosjekterings- og byggenemnda ansvaret for prosjektering av omsorgsbustader. Sak om økonomisk ramme for prosjektet og lokalisering bustadene vert lagt fram for kommunestyret i samband med budsjett 2020 eller seinast 1. halvår 2020.

Det vert løyva kr 100.000 til konsulentbistand/arkitekt til prosjektet

PS 30/19 Bemanning innan VA-avdelinga

Rådmannen si tilråding:

1. Nissedal kommunestyre aukar talet på stillingsheimlar i eining for teknisk drift med 60%.
2. Auka lønskostnader, kr 300.000 dekkast innan rammeområdet for sjølvkost.

Saksprotokoll i Formannskapet - 23.05.2019

Votering: samrøystes for rådmannen si tilråding

Formannskapet si innstilling til kommunestyret

1. Nissedal kommunestyre aukar talet på stillingsheimlar i eining for teknisk drift med 60%.
2. Auka lønskostnader, kr 300.000 dekkast innan rammeområdet for sjølvkost.

Saksprotokoll i Kommunestyret - 13.06.2019

Votering: samrøystes som tilråding.

Vedtak

1. Nissedal kommunestyre aukar talet på stillingsheimlar i eining for teknisk drift med 60%.
2. Auka lønskostnader, kr 300.000 dekkast innan rammeområdet for sjølvkost.

PS 31/19 Damkollen bustadfelt utbygging og tomteprisar

Rådmannen si tilråding:

1. Nissedal kommunestyre vedtek å opparbeide Damkollen bustadfelt, og utvidar prosjektramma i budsjettet med kr 470.000 eks. mva. Av samla prosjektramme gjeld kr 928.000 opparbeiding av vatn og avlaup.
2. Tomtepris fastsetjast til kr 320.000 pr. tomt.
3. Budsjettskjema 2A – Investeringar i anleggsmiddel aukast med kr 602.000
Budsjettskjema 2A – Kompensasjon for meirverdiavgift aukast med kr 132.000
Budsjettskjema 2A – Inntekter frå sal av anleggsmiddel aukast med kr 640.000
Budsjettskjema 2A – Bruk av lånemidlar reduserast med kr 170.000
Budsjettskjema 2B – Investeringar i anleggsmiddel aukast med kr 602.000
Budsjettskjema 2B – Damkollen bustadfelt aukast med kr 602.000

Saksprotokoll i Formannskapet - 23.05.2019

Votering: samrøystes for rådmannen si tilråding.

Formannskapet si innstilling til kommunestyret

1. Nissedal kommunestyre vedtek å opparbeide Damkollen bustadfelt, og utvidar prosjektramma i budsjettet med kr 470.000 eks. mva. Av samla prosjektramme gjeld kr 928.000 opparbeiding av vatn og avlaup.
2. Tomtepris fastsettast til kr 320.000 pr. tomt.
3. Budsjettskjema 2A – Investeringar i anleggsmiddel aukast med kr 602.000
Budsjettskjema 2A – Kompensasjon for meirverdiavgift aukast med kr 132.000
Budsjettskjema 2A – Inntekter frå sal av anleggsmiddel aukast med kr 640.000
Budsjettskjema 2A – Bruk av lånemidlar reduserast med kr 170.000
Budsjettskjema 2B – Investeringar i anleggsmiddel aukast med kr 602.000
Budsjettskjema

Saksprotokoll i Kommunestyret - 13.06.2019

Magne Haugsjå bad om å få sin habilitet vurdert.
Blei samrøystes kjend ugild i saka.

Endringsforslag frå SP v/Ian Parry-Jones:
Tomtene på Damkollen bustadfelt skal seljast til sjølvkostpris.

Ordførar meldte at det blei gruppemøte før votering.

Endringsforslag frå AP v/Runa Vee Tveit: Tomteprisen på Damkollen bustadfelt blir sett til kr 400.000

Votering:

Endringsframlegg til SP blei sett opp mot endringsframlegg til AP
10 røysta for endringsframlegg til SP (SP, H, Frp., Krf., Kai Halvor Juva), 6 røysta for endringsframlegg til AP (Halvor Homme, Runa Vee Tveit, Oskar Nordli, Hølje Haugsjå, Andrea Fjalestad, Tore Solli).

Vedtak

1. Nissedal kommunestyre vedtek å opparbeide Damkollen bustadfelt, og utvidar prosjektramma i budsjettet med kr 470.000 eks. mva. Av samla prosjektramme gjeld kr 928.000 opparbeiding av vatn og avlaup.
2. Tomtene på Damkollen bustadfelt skal seljast til sjølvkostpris.
3. Budsjettskjema 2A – Investeringar i anleggsmiddel aukast med kr 602.000
Budsjettskjema 2A – Kompensasjon for meirverdiavgift aukast med kr 132.000
Budsjettskjema 2A – Inntekter frå sal av anleggsmiddel aukast med kr 640.000
Budsjettskjema 2A – Bruk av lånemidlar reduserast med kr 170.000
Budsjettskjema 2B – Investeringar i anleggsmiddel aukast med kr 602.000

PS 32/19 N - Rullering av kommuneplanen - fastsetjing av planprogram

Rådmannen si tilråding:

Nissedal kommunestyre fastsett i medhald av pbl § 11-13, det framlagte utkastet til planprogram, med dei endringane som er skissert i saksframstillinga, som planprogram for rulleringa i 2019/20 av kommuneplanen, samfunnsdel og arealdel.

Fastsett planprogram blir annonsert og lagt ut på kommunens heimeside.

Rådmannen får fullmakt til å oppnemne arbeidsgrupper innom avgrensa tema, fagfelt eller geografiske område i den grad det synest føremålstenleg for framdrifta av planprosessen.

Saksprotokoll i Formannskapet - 13.06.2019

Tilleggsframlegg frå SP:

Nytt kulepunkt under 4.1: Forureiningsforskrifta

Redaksjonelt endringsframlegg frå SP

Punkt 5.1.5: (...) Sikre nok kvalifisert arbeidskraft innan helse- og omsorgstenestene.

Votering: samrøystes for rådmannen si tilråding med tilleggsframlegg og redaksjonelle endringsframlegg.

Vedtak

Nissedal kommunestyre fastsett i medhald av pbl § 11-13, det framlagte utkastet til planprogram, med dei endringane som er skissert i saksframstillinga, som planprogram for rulleringa i 2019/20 av kommuneplanen, samfunnsdel og arealdel.

Fastsett planprogram blir annonsert og lagt ut på kommunens heimeside.

Rådmannen får fullmakt til å oppnemne arbeidsgrupper innom avgrensa tema, fagfelt eller geografiske område i den grad det synest føremålstenleg for framdrifta av planprosessen.

Saksprotokoll i Kommunestyret - 13.06.2019

Votering: samrøystes som tilråding.

Vedtak

Nissedal kommunestyre fastsett i medhald av pbl § 11-13, det framlagte utkastet til planprogram, med dei endringane som er skissert i saksframstillinga, som planprogram for rulleringa i 2019/20 av kommuneplanen, samfunnsdel og arealdel.

Fastsett planprogram blir annonsert og lagt ut på kommunens heimeside.

Rådmannen får fullmakt til å oppnemne arbeidsgrupper innom avgrensa tema, fagfelt eller geografiske område i den grad det synest føremålstenleg for framdrifta av planprosessen.

PS 33/19 "Kraftkompetanse - Kommunalt oppgåvefelleskap (KO)" - Godkjenning av samarbeidsavtale

Rådmannen si tilråding:

1. Nissedal kommunestyre godkjenner samarbeidsavtale om skiping av Kraftkompetanse KO» slik den er lagt fram.
2. Nissedal kommunestyre godkjenner eigarstrategi for «Kraftkompetanse KO» slik den er lagt fram
3. Nissedal kommunestyre tek forretningsplan for «Kraftkompetanse KO» til orientering.

Saksprotokoll i Kommunestyret - 13.06.2019

Saka trekt/utsatt.

Vedtak

Saka trekt/utsatt.

PS 34/19 Samarbeid om felles NAV-kontor for kommunane Fyresdal, Kviteseid, Nissedal, Seljord, Tokke og Vinje - § 20-2 i kommunelova - Vertskommuneavtale

Rådmannen si tilråding:

Nissedal kommunestyre vedtek Samarbeids-/vertskommuneavtale mellom kommunane Fyresdal, Seljord, Vinje, Kviteseid, Nissedal og Tokke om felles NAV-kontor slik den ligg føre.

Saksprotokoll i Kommunestyret - 13.06.2019

Votering: samrøystes som tilråding.

Vedtak

Nissedal kommunestyre vedtek Samarbeids-/vertskommuneavtale mellom kommunane Fyresdal, Seljord, Vinje, Kviteseid, Nissedal og Tokke om felles NAV-kontor slik den ligg føre.

PS 35/19 Vertskommunesamarbeid om psykologtenester i kommunane Fyresdal, Kviteseid, Nissedal, Seljord og Tokke

Rådmannen si tilråding:

Nissedal kommunestyre sluttar seg til avtale om vertskommunesamarbeide om psykologtenester i kommunane Fyresdal, Tokke, Nissedal, Kviteseid og Seljord.

Avtala vert vedteken slik den fylgjer vedlagt denne saka.

Kostnadene for 2019 vert innarbeida i 2. tertialrapport for 2019 finansiert av fondsmidlar. Langtidsverknaden vert lagt inn i budsjett for 2020 og økonomiplanen for 2021 – 2024.

Saksprotokoll i Kommunestyret - 13.06.2019

Votering: samrøystes som tilråding.

Vedtak

Nissedal kommunestyre sluttar seg til avtale om vertskommunesamarbeide om psykologtenester i kommunane Fyresdal, Tokke, Nissedal, Kviteseid og Seljord.

Avtala vert vedteken slik den fylgjer vedlagt denne saka.

Kostnadene for 2019 vert innarbeida i 2. tertialrapport for 2019 finansiert av fondsmidlar. Langtidsverknaden vert lagt inn i budsjett for 2020 og økonomiplanen for 2021 – 2024.

PS 36/19 Etablering av Vestfold og Telemark revisjon iks

Rådmannen si tilråding:

Nissedal kommune teiknar seg som deltakar i Vestfold og Telemark revisjon IKS med ein eigardel som går fram av § 4 i utkast til selskapsavtale gjeldande fram til 31.12.2019.

Kommunestyret vedtek selskapsavtale som gjeld frå stifting og fram til 31. desember 2019.

Kommunestyret vedtek selskapsavtale som gjeld frå og med 1. januar 2020.

Som medlem til selskapet sitt representantskap velger kommunestyret: _____
Som varamedlem velger kommunestyret: _____

Desse representantane sin valperiode vil vare fram til det nye kommunestyret er konstituert og har gjort nye val av representantar hausten 2019.

Saksprotokoll i Kommunestyret - 13.06.2019

Ordførar gjorde framlegg om ordførar som medlem til representantskapet og varaordførar til varamedlem.

Votering: tilråding, med ordførar sitt framlegg, samrøystes vedteke.

Vedtak

Nissedal kommune teiknar seg som deltakar i Vestfold og Telemark revisjon IKS med ein eigardel som går fram av § 4 i utkast til selskapsavtale gjeldande fram til 31.12.2019.

Kommunestyret vedtek selskapsavtale som gjeld frå stifting og fram til 31. desember 2019.

Kommunestyret vedtek selskapsavtale som gjeld frå og med 1. januar 2020.

Som medlem til selskapet sitt representantskap velger kommunestyret: ordførar

Som varamedlem velger kommunestyret: varaordførar

Desse representantane sin valperiode vil vare fram til det nye kommunestyret er konstituert og har gjort nye val av representantar hausten 2019.

PS 37/19 Kommunalt tilskot til prosjektet "Nyskapande vekst i Nissedal"

Rådmannen si tilråding:

Nissedal kommunestyre vedtek å stø prosjektet «Nyskapande vekst i Nissedal» med kr. 350.000 i året i tre år.

Løyvinga vert innarbeidd i budsjett 2020 og økonomiplan 2021-2023.

Formannskapet får fullmakt i den vidare i prosessen med tanke på utlysing av stilling, tilsetting av prosjektleiar, deltaking i styringsgruppa og rapportering.

Saksprotokoll i Formannskapet - 13.06.2019

Votering: samrøystes forrådmannen si tilråding.

Innstilling til kommunestyret

Nissedal kommunestyre vedtek å stø prosjektet «Nyskapande vekst i Nissedal» med kr. 350.000 i året i tre år.

Løyvinga vert innarbeidd i budsjett 2020 og økonomiplan 2021-2023.

Formannskapet får fullmakt i den vidare i prosessen med tanke på utlysing av stilling, tilsetting av prosjektleiar, deltaking i styringsgruppa og rapportering.

Saksprotokoll i Kommunestyret - 13.06.2019

Tore Skåli bad om å få sin habilitet vurdert.

Samrøystes funne gild i saka.

Votering: samrøystes som tilråding.

Vedtak

Nissedal kommunestyre vedtek å stø prosjektet «Nyskapande vekst i Nissedal» med kr. 350.000 i året i tre år.

Løyvinga vert innarbeidd i budsjett 2020 og økonomiplan 2021-2023.

Formannskapet får fullmakt i den vidare i prosessen med tanke på utlysing av stilling, tilsetting av prosjektleiar, deltaking i styringsgruppa og rapportering.

PS 38/19 Forskrift om folkevalde sin rett til godtgjersle og permisjon

Rådmannen si tilråding:

Nissedal kommunestyre vedtek forskrift om folkevalde sin rett til godtgjersle og permisjon, slik den ligg føre. Forskrifta vil gjelde frå og med kommunestyreperioden 2019-2023.

Saksprotokoll i Kommunestyret - 13.06.2019

SP v/Ian Parry-Jones kom med endringsforslag slik:

Ordførargodtgjering 77% av godtgjering stortingsrepresentant og øvrige ‰ og ‰ sats som i inneverande periode.

Votering: 12 røysta for tilråding (AP, Krf, Frp. H), 5 røysta for endringsframlegg til SP (SP).

Vedtak

Nissedal kommunestyre vedtek forskrift om folkevalde sin rett til godtgjersle og permisjon, slik den ligg føre. Forskrifta vil gjelde frå og med kommunestyreperioden 2019-2023.

PS 39/19 Referat- og drøftingssaker

Rådmannen si tilråding:

Nissedal kommunestyre tek referat- og drøftingssakene til vitande.

Saksprotokoll i Kommunestyret - 13.06.2019

Votering: samrøystes som tilråding.

Vedtak

Nissedal kommunestyre tek referat- og drøftingssakene til vitande.

